
Fra: Kjartan Medaas
Sendt: 27. mars 2020 09:27
Til: 'rakmath@mac.com'
Emne: Oppmåling av grenser gbnr 482/67
Vedlegg: 482-67-Forslag grenser.pdf

Hei.

Var ute og hadde oppmålingsforretning over grensene til gbnr 482/87 i går, 26.03.2020. Hadde på førehand vore og leita etter dei opprinnelege grensemerka. Tok då utgangspunkt i skyldelninga for Gbnr 482/67. Ved hjelp av måleband og litt leiting med krafse og spade fann eg 2 punkt som etter mitt skjønn kan vera Opprinnelege grensemerker. I punkt 6 fann eg ein kross i berget og i punkt 5 fann eg noko som kan vera ein merkestein. Sjå vedlagte skisse. Her har eg ført på horisontale mål mellom punkta som eg målte inn med gps og kikkert. I punkt 5 sette eg ned eit offisielt grensemerke ved siden av steinen.

Mot sør fann eg 2 offisielle grensepunkt som vart sett ned under oppmålingsforretning 27.06.2007. Eg tillot meg å stikke ut og Merke dei to hjørnepunkta, punkt 1 og 4 som vart slått fast på forretninga 27.06.2007. I tillegg vart det sett ned eit nytt grensemerke i punkt 7.

Gjer merksam på at all merking er gjort som eit forslag med atterhald om dykkar godkjenning. Det er rekvirent gjort merksam på.

Forstod på rekvirent at dei hadde fått påbud om å ordne septikktanken sin og stod no klar til å grave ned ny tank på eigen grunn. Det var årsaken til At det hastar for dei å få slått fast kvar grensene for eigedomen går.

Om det som er gjort er greitt for dykk vil eg senda ut ein protokoll frå forretninga for godkjenning.

Høyrer gjerne frå dykk.

Med venleg helsing

Kjartan Medaas | Avd.ing. Kart og oppmåling

Telefon: 56 34 90 53 | 482 87 186

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE